



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	23.05.2018
Tid:	18-20.30
Deltakarar:	Ragni Haga, Greta Karin Wibe Svendsen, Olin Ambjørnsen, , Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Kari Espelid, Arne H Hansen Forfall: Kjell Nilsen, Elisabet E. Romoren, Dag Johnsen
SAKLISTE NR:	5/2018

Innkallinga godkjent og møtet sett med ei sak under 52/18 Eventuelt.

SAK 45/18

Leiar for barnelaget i Tvedalen, Marit Bårnes, var invitert til ei samtale om barnearbeidet i Tvedalen.

Marit har drive Tvedalen barnelag kontinuerleg i over 30 år! Det starta som ein sundagsskule, men gjekk etter kvart over til kvardagsskule med møte annakvar mandag frå kl 18-19.30 på Tvedalen skule. Barn frå to år (med foreldre) og oppover til 14 er med, dei eldste hjelper også til. Også Betzy Lykken hjelper til. Opplegget er enkelt med ein enkel andakt, Fadervår, nokså få sangar som dei lærer godt, for at dei skal kunna ha dei med seg i minnet, kveldsmat, aktivitetar og utloddning kvar gong.

Marit ser på arbeidet som ei hjelp til foreldra i dåpsopplæringa og legg stor vekt på tre ting: At borna får lære om Jesus, lære å ta ansvar og lære å gje/dele. Det siste viser seg ved at inntektene frå utloddninga underheld ein familie i Etiopia som dei har kontakt med gjennom Marits familie. Så og seia alle ungane i bygda deltek, 12-15 stykke. Fleire av foreldra har vore med i barnelaget då dei sjølve var ungar. Kvart år arrangerar dei juletrefest.

Marits langvarige, trufaste og varme engasjement gjorde sterkt inntrykk på oss! Og også at ho framleis ser det som ei viktig oppgåve som ho tenkjer å halde fram med!

Ho hadde eit ynskje til menighetsrådet om hjelp av trusopplærar og med tanke på framtida på sikt: nokon som kan overta for henne.

SAK 46/18

GODKJENNING REFERAT FRÅ MØTET 25.04.2018, saksliste 4/18.

Vedtak: Referatet einstemmig godkjent.

Underskrifter protokollen: Asle Zimmermann og Greta Karin Wibe Svendsen

SAK 47/18**GUDSTENESTELISTE 2018.**

Sjå sak 36/18 og e-post frå Audun Haga, vidaresendt samtidig med innkallinga.

Orientering ved Asle Zimmermann. Pga endra føresetnader frå då den gudstenesteforordninga vi har no vart vedteken for seks år sidan, ser Tanum menighetsråd behov for å drøfte forordninga i Tanum på nytt.

Bakgrunnen er både innspel frå biskop Per Arne Dahl på bispevisitasen i 2017, brevet frå Audun Haga og for å utnytte den felles organistressursen betre. Å endre sjølve forordninga er imidlertid ein meir omfattande prosess som inneber ei grundigare drøfting i menighetsråd, på menighetsmøte og med prost og biskop og må fylgje formell saksgang. Det er biskopen som har det siste ordet her. Tanum menighetsråd gjer i fyrste omgang fylgjande vedtak:

Vedtak: Vi beheld den vedtekne gudstenestelista hausten 2018, men foreslår å drøfte saka på eit felles AU.

SAK 48/18

NYTT ORGEL I TANUM. Sjå dei siste orgelsakene , 43/18 punkt 2, 38/18, 30/18 og 29/18.

Det hadde ikkje kome noko referat frå møtet i den utvida orgelkomitéen 14.5.18 enno, men Erling Sølvik orienterte frå møtet. Før sommaren vil orgelet og pengebehovet bli omtala i Såmannen og i Østlandsposten, så vil komitéen gå breidare ut med informasjon og førespurnader rett etter sommaren. Terje Øyen skal leie det praktiske dugnadsarbeidet på galleriet. Komiteen skal prøve å konkretisere arbeidet, til dømes laga lister over når dugnadsarbeidarane skal møte. Men det trengst folk til dugnaden, så tenk over aktuelle kandidatar!

SAK 49/18**NAMN PÅ PÅ KANDIDATAR TIL NYTT MENIGHETSråD HAUSTEN 2019**

- Kven i rådet kan tenkje seg å stille på nytt?
- Spørja tidlegare mr-medlemer?
- Nye aktuelle kandidatar?
- Korleis nå ut med forespørsel?

Vi diskuterte alle desse punkta og alle fekk ei utfordring om å ha tenkt over saka om gjenvallg for eigen del.

Vedtak: Vi tek opp att saka på augustmøtet.

SAK 50/18

NYTT DIAKONIUTVAL/BESØKSTENESTE? Sjå sak 43/18 punkt 6, sakene 13/18, 83/17 og 04/18.

Asle Zimmermann orienterte, særleg om at ei besøksteneste hjå einslege eldre, både heime og på institusjon er tydeleg etterspurts. Tanum

menighet har ein diakoniplan frå 2012. Denne bør vi sjå på og ta utgangspunkt i for å laga ein instruks for eit nytt diakoniutval, slik at forespørselen vår kan vera konkret på kva oppgåver vi ynskjer aktuelle kandidatar vil kunna gå inn i. Dette bør vera klart før forespørsel i sakene 49/18 og 50/18 kan sjåast i samanheng.

SAK 51/18

ORIENTERINGSSAKER/MELDINGAR

1. Orientering om trusopplærarsituasjonen 12-18 år ved Asle Zimmermann. Pga sjukdom har vi ingen trusopplærar/kateket hausten 2018. Kyrkjekontoret arbeider med å skaffe vikar.
2. NMS-dagen på Gjennestad 29. mai kl 11 og 19.

SAK 52/18

EVENTUELTT

Vi har fått forespørsel om å ha teneste i Sportskapellet sundag 16. september.

Vedtak: Tanum menighetsråd tek i mot utfordringa. Vi kjem tilbake til kven som kan stille opp denne sundagen.